

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Lindås.

Emne: Skav.

Bygdelag: Indre-Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dei fleste her nytta skav til kyrene, ~~der~~ noko skildnad på dyr av denne grunn var her såleis ikkje. ein har eller ikkje om nokon skilnad om prisar på dyr som hadde fått skav eller ikkje.
2. Har ikkje hørt om at dyra vart svarte i kjøtet om dei vart forde med skav. Her nytta dei skav av ask, raun og seljer og litt hatle- og heggeskav. Det er mykje truleg at der dei nytta skav av or og hegg som hovudskav, så hadde det innverknad på kjøtet både når det galdt smak og utsjånde. Det er også truleg at prisskilnad på dyr som hadde fått skav eller ikkje kom av at der dei nytta godt skav var dyra betre i hald enn der dei nytta bjørkeris og lyng - då dyra i slike bygder var dårleg fødde og skinnmagre om våren.
3. Har ikkje høyrte om at skavet hadde annan innverknad på mjølka enn at rauneskav sette ein fin gul farge på smøret, av askeskav ville smøret verta kvitt og av heggeskav fekk mjølka ein sterk berken smak. At nokon skav skulle ha noko verknad på kalvane har eg ikkje høyrte noko om.
4. Noko regel om kor mykje skav ein skulle nytta

veit ein ikkje om då det mykje godt måtte retta seg etter kor mykje skavskog ein hadde, ~~og~~ arbeidshjelpa på garden og om det var eit ringt eller godt høyrår. Buskapen måtte vera omlag like stor kvart år, og det ikkje hø^Vet strakk til, måtte det skav i staden. I normale år kan ein vel seia at der dei kunne føda 4 kyr, til vanleg skov åt den 5, men var det eit ringt høyrår, kunne dei på ein slik gard skava det duble og vel så det. Dei tok då til å skava om hausten når dei hadde fått "inn om dørane" og heile vinteren gjennom - ~~ø~~fram- etter våren sprengskava dei, slik at når kua fekk ein liten høydott attåt "så mykje ho heldt jorten" så fekk det gå an. Miste kua jorten, tok dei "jorten" ~~for~~ (den oppgulka tugga som dyret jorta på) med handa ut or beistekjeften og ~~å~~takk det i kjeften på det dyret som ingen "jort" hadde. Denne trua ~~om~~ "å missa jorten" har halde seg til i dag og kjem fram når eit dyr har forete seg på kørn eller mjøl. Då er det "jorten" mange eldre folk mest engsta seg for.

5. Skaveljåen såg slik ut:



Elles nytta dei mykje mest utslitne ljåar ~~større~~ ~~større~~ som dei antan braut "tjåttet" av og sette eit treskaft på ^{eller} -/oftast nytta dei ljåen som han var og sveipte berre ei ullfille om ljåen der skaftet skulle vore. Hadde ein passe bøyg på låen, skar han seg også passe inn i veden når ein skov. Etter ~~høi~~rettare kniven var, etter finare (tunnare) vart skavblokkene, etter meir ein bøygde ljåen - etter grovare vart skavet. Ein stilte skavkniven såleis ved å ha han meir eller mindre bøygd.

6. Stauren som ein nytta til å setja opp i stova til å skava på, veit ein ikkje vart nytta til anna.~~xxx~~
7. Dei gardane i bygda her som ikkje hadde skavskog, kunne vel få ei og onner byrda hjå dei som hadde, men dei laut helst greiⁱ seg best råd med åa skjera lyng elle finnar^{ry}yskje til buskapen sin.
8. Dei bytte slåtteteigane i utslåttene slik at det i alle fall var skavskog i ein av teigane.
9. Her er ingen ålmenning.
10. Husmennene hadde ingen rett til å ta skav hjå husbonden utan sers løyve.
11. Veit ikkje noko om skavhelle.
12. Har ikkje høyrte om tuftekallen i dette høvet.

".....oooo O oooo